

Bjørn Sylta
Postboks 15
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7845 - 20/53800

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
01.09.2020

Førehandsvarsel om pålegg om tilkopling til kommunal avløpsordning - gbnr 424/166 Bø

Tiltak: Påkopling kommunal avløpsledning
Byggjestad: Gbnr: 424/166 Nordbøvegen 50, 5937 Bøvågen
Tiltakshavar: Bjørn Sylta og Linda Mariann Solheim

Visar til brev om avvik i septiktank og søknad om fortsatt utsleppsløype for dykkar eigedom.

For dykkar eigedom ligg det no kommunale hovudleidningar for vatn og avløp langs Nordbøvegen, 5937 Bøvågen. Det er tilrettelagt for at eigedomen dykkar kan knytast til anlegget like ved innkjørselen frå dykkar eigedom og inn på den kommunale vegen. Den vedlagte kartskissa viser leiðningsnett i området.

Plikt til tilknytning til kommunal VA-anlegg

I følgje plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsledning går

- over eigedomen,
- i veg som grensar til eigedomen, eller
- over nærliggjande areal

knytast til dei offentlege leiðningane.

Grunneigar må sjølv koste private stikkleidningar og må betale gebyr for tilkopling til kommunen jf. Alver kommune sitt gebyrregulativ.

Alver kommune vurderer at eigedomen dykkar fell inn under føresegna om tilknytingsplikt til det kommunale avløpsanlegget, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 27-2.

Frist for å kople seg til det kommunale vass- og/eller avløpsanlegget **er 01.03.2021.**

Dette er eit førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16. Viss vi ikkje høyrer frå dykk innan **01.03.2021**, vil vi vurdere å fatte vedtak om krav til tilknytning til det kommunale VA-anlegget og gje dykk tvangsmulkt. jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Dykkar rettår:

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 500 eller de kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Kva må de gjer vidare

De må ta kontakt med godkjend rørleggarføretak som kan søkje om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg.

Dersom vi ikkje får inn melding om at eigedommen dykkar er kopla til kommunalt avløpsanlegg innan fristen over, kan vi gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt.

Aktuelt regelverk

- Tilknytingsplikta følgjer av pbl. § 27-2.
- Kommunen kan godkjenne ei anna ordning viss tilknytning vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad», jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Bjørn Sylta
Linda Mariann Solheim

Postboks 15
Postboks 15

5937
5937

BØVÅGEN
BØVÅGEN